

## SÅ MYKJE TENER HAALAND



(Foto: Oli Scarff, AFP/NTB)

**Erling Braut Haaland (24) har fått ny kontrakt. Han kjem til å håve inn masse pengar.**

For to og eit halvt år sidan signerte Haaland for City. Allereie då tente han mykje.

No har han fått ein ny kontrakt der han tener endå meir pengar.

Verken Haaland eller City fortel kva løna hans blir. Men fleire aviser, som The Guardian, har skrive detaljar om kontrakten.

Dei skriv at Haaland vil tene 365 millionar kroner i året, og at kontrakten varer til 2034. Ingen fotballspelarar har lengre kontrakt.

Kor mykje pengar er dette eigentleg?

**Haaland tener ...**

- 3,5 milliardar kroner på 9,5 år
- 365 millionar kroner i året
- 7 millionar kroner i veka
- 1 million kroner om dagen
- Litt over 40.000 kroner i timen
- Nesten 700 kroner i minuttet

**Kva kan han kjøpe?**

- På 8,5 minutt har Haaland tent nok til å kjøpe ein Playstation 5.
- I løpet av ein dag har han tent nok til å kjøpe 1965 billetter til Tusenfryd.
- Han kan kjøpe 14 Tesla Y (Noregs mest kjøpte bil) i løpet av ei veke.
- For det han tener på to og eit halvt år, kan han kjøpe alle husa til Taylor Swift. Ho har mange.

## Kor mykje tener andre personar i året?

Noregs best betalte blogggar, Jørgine «Funkygine» Massa Vasstrand, tener 6,6 millionar kroner.



Foto: Martin Slottemo, Aftenposten



Foto: Cornelius Poppe, NTB

Statsminister Jonas Gahr Støre tener cirka 2 millionar kroner.

Ein nyutdanna lærar tener 590.000 kroner.



Foto: Getty Images



Foto: Fabian Bimmer, REUTERS

Cristiano Ronaldo tener cirka 2,5 milliardar kroner.

*Som alle andre som tener pengar, må Haaland betale skatt, altså pengar til staten. Vi veit ikkje kor mykje det blir. Vi har derfor rekna med det han tener før skatt. Han kan òg tene meir pengar viss han skårar mange mål eller viss City vinn store ting. Han får nemleg fleire bonusar.*